

## **Deltaking i prøveordning - tilgang til helsenorge.no for ungdom mellom 12 og 16 år**

Helse Bergen etablerer no ei prøveordning der ungdom mellom 12-16 år kan få tilgang til opplysningar på helsenorge.no. Her følgjer litt meir informasjon om prøveordninga og korleis delta i denne.

### **Helsenorge.no - heile Norges helseportal**

Her finn du informasjon om helse og livsstil, om sjukdommar og ulike diagnosar. I tillegg kan du logge deg på Min helse, og få tilgang til teneste som hjelper deg å følgje opp di eiga helse. Det er i dag ikkje mogleg for ungdom i aldersgruppa 12-16 år å logge seg på Min helse. Dei får derfor ikkje tilgang til teneste på helsenorge.no som hjelper dei å følgje opp si eiga helse. Dette ønskjer vi i Helse Bergen å gjere noko med, og etablerer derfor ei prøveordning for utvalde pasientgrupper. Det gjer vi fordi vi ser at behovet for digitale løysingar for ungdom i denne aldersgruppa er stort. Målet er at prøveordninga på sikt kan føre til at alle ungdommar i denne aldersgruppa får tilgang til Min helse.

### **Regelverket**

Hovudregelen er at foreldre har innsynsrett i sitt barns personlege helseopplysningar når det er under 16 år. Er barnet mellom 12 og 16 år får foreldre likevel ikkje innsyn dersom barnet er sterkt imot det, og helsepersonellet vurderer det slik at barnets grunnar til dette bør respekterast. Foreldre har ikkje tilgang til sitt barns personlege helseopplysningar via Min helse frå barnet er 12 år. Denne prøveordninga endrar ikkje på det, men gjer at barnet *sjølv* får tilgang til helseopplysningar i utvalde teneste via Min helse frå det er 12 år. Foreldre som ønskjer ein oversikt over kva som er registrert om sitt barn når det er mellom 12 og 16 år, må som før kontakte aktuell avdeling.

### **Målsetning**

Prøveordninga støttar opp under målet til Helse Bergen om at ungdom gradvis skal bli meir sjølvstendige i dialogen med sjukehuset, og at brukarane i denne aldersgruppa får høve til å sjølv velje kva informasjonskanalar dei vil nytte. Ungdomsrådet i Helse Bergen har også dette som eit satsingsområde. Det å legge til rette for digitale teneste for ungdom, er elles i tråd med regjeringa sin strategi for ungdomshelse 2016 – 2021.

### **Deltaking**

Dersom dette er noe de ønskjer å vere med på, tar de dette opp med behandlar ved neste konsultasjon. Behandlar vil også kunne svare på eventuelle spørsmål de måtte ha omkring dette. Dei som ønskjer å delta blir honorert med to kinobilletter.

Sjå elles *Ungdom på sjukehus* på helse-bergen.no for meir informasjon: <https://helse-bergen.no/om-oss/ungdom-pa-sjukehus>